



Fleire adressatar

Melding om vedtak

Vår ref.
2011/552/274/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Laila Nersveen
61293615

Dato
01.09.2017

Kommuneplanens arealdel og samfunnsdel 2017-2017 - sluttbehandling

Vågå kommunestyret behandla i møtet 9. august 2017, sak 55/17, og fatta følgjande vedtak:

«Vågå kommunestyret vedtar med heimel i plan- og bygningsloven §11-15 kommuneplanens samfunnsdel 2017–2027.

Vågå kommunestyret vedtar med heimel i plan- og bygningsloven §11-15 kommuneplanens arealdel 2017–2027 med følgjande endringar:

- *Område F09 Jetta blir teke inn.*
- *Det blir innarbeid følgjande presiseringar i føresegnene:*

§ 9. 4.4 Nye område for kombinert formål (bustad/forretning/kontor) (bustad/næring/kontor) med krav om regulering (pbl § 11–9 nr. 1)

B/F/K01 Brustugu	For området samla kan det etablerast ny handelsverksemd som blir inntil 1500 m ² BRA detaljhandel. Butikkane skal vere minimum 500 m ² BRA. Det er ikkje tillate å etablere storvarehandel og/eller plass og transportkrevjande varehandel.
------------------	---

§ 9. 7.1 Indre sentrumssone og kjerneområde

Ny handelsverksemd eller utviding av slike, som blir større enn 1500 m² BRA detaljhandel, kan berre lokaliserast innanfor indre sentrumssone, jf. pkt. 3a i regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland.

Ettersom Vågåmo er definert som eit områdesenter i regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland kan det etablerast ny handelsverksemd for detaljhandel på inntil

6000m ² innanfor område som er definert som indre sentrumssone.
--

§ 9. 10.1 Nye område for råstoffutvinning

R01 Hanslien	Området skal regulerast. Det må takast omsyn til kulturminnet id 101558 ved utarbeiding av reguleringsplan og forholdet til kulturminnet må endeleg avklarast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området. Det må utarbeidast støyanalyse.
--------------	---

Retningslinjer og føresegner

§ 9 B/F/K01 **Brustugu:** Vågå Kommune skal regulere områda.

B/F/K02 og B/F/K03

Begge arealformåla skal ha lik ordlyd. Og ordlyden skal vera den som står i dokumentet for B/F/K03.

TB/L01 Maurvangen: Fjerne siste setninga, som omhandlar vatn- og avløp (Bygningane må knyte seg på privat vatn- og avlaupsnett hjå Besseggen Fjellpark Maurvangen). Området kan byggjast ut til tenestebustad og garasje/lager. Det må utarbeidast ny reguleringsplan for området. Løysingar for vatn og avlaup skal etablerast i tråd med gjeldande krav og retningslinjer.

Planmaterialet blir oppdatert etter vedtak. Dette gjeld også presentasjon av endeleg planmaterialet med bilete og layout.»

Den nye samfunnsdelen erstattar tidlegare samfunnsdel frå 2005 og ny arealdel erstattar følgjande fire kommunedelplanar:

- Kommunedelplan for Vågåmo, godkjent i Vågå kommunestyre 20.05.08, sak 30/08. Godkjent av MD 08.07.09.
- Kommunedelplan Vågå nord, godkjent i Vågå kommunestyre 26.06.01, sak 23/01.
- Kommunedelplan for Storviksmorkje, godkjent i Vågå kommunestyre 25.09.01, sak. 41/01.
- Kommunedelplan for Sjudalen, Randsverk og Lemonsjøområdet, godkjent i Vågå kommunestyre 24.06.03, sak 23/03

Vedtak om ny samfunnsdel og arealdel kan ikkje påklagast, jf. pbl § 11-15.

Nye samfunnsdel og arealdel er tilgjengeleg på servicetorget i kommunen og på www.vaga.kommune.no.

Med helsing

Laila Nersveen

Plan- og miljørådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og er derfor ikkje signert

Vedlegg:

- Planskildring med ROS-analyse
- Føresegner og retningslinjer
- KU over nye byggeområde
- Behandling av merknader etter 3. gongs høyring
- Arealrekenskap
- Plankart

Plankartet ligg også på kommunen si kartløyising. Gå inn på **Kart** og trykk deretter på **kommunal kartløyising med reguleringsplanar og kommuneplan**. Kryss av for **arealplanar og kommuneplan gjeldane**.

Følgjande dokument er ikkje sendt med som vedlegg ettersom desse dokumenta er uforandra frå tidlegare høyringar. Dokumenta ligg på kommunen si heimeside.

- Rapport barnetrakk
- Utgreiing av gang- og sykkelveg ved Lemonsjøen
- Biologisk kartlegging ved Randsverk
- Handelsanalyse for Vågåmo
- Landskapsanalyse for Sjødalen
- Behandling av merknader etter 1. gongs høyring
- Behandling av merknader etter 2. gongs høyring
- Tematiske kart

Adresseliste:

Fylkesmannen i Oppland	fmoppost@fylkesmannen.no
Oppland Fylkeskommune	postmottak@oppland.org
Statens vegvesen Region Øst	firmapost-ost@vegvesen.no
NVE Region Øst	ro@nve.no
Direktoratet for mineralforvaltning	mail@dirmin.no
Mattilsynet	postmottak@mattilsynet.no
Glommen og Lågens brukseierforening	firmapost-glb@glb.no
FNF Oppland	oppland@fnf-nett.no
Eidefoss A/S	firmapost@eidefoss.no
Opplysningsvesenets fond	ovf@ovf.no
Vågå lensmannskontor (Region Ottadalen)	post.ottadalen.gudbrandsdal@politiet.no
Vågå Reiseliv v. Peter Brag	post@randsverk.no
Vågå handels- og næringsforeining v. Mariann Moen	mmoen@live.no
Vågå brannvesen v. brannsjefen	pal.oygarden@vaga.kommune.no
Skjåk kommune	post@skjaak.kommune.no
Lom kommune	post@lom.kommune.no
Lesja kommune	postmottak@lesja.kommune.no
Sel kommune	postmottak@sel.kommune.no
Dovre kommune	postmottak@dovre.kommune.no
Vang kommune	post@vang.kommune.no

Øystre Slidre kommune	post@oystre-slidre.kommune.no
Nord-Fron kommune	post@nord-fron.kommune.no
Statskog SF	post@statskog.no
Vågå fjellstyre og Finndalen fjellstyre	vaga@fjellstyrene.no
Vågå Kyrkjelege fellesråd v. Erik Lillebråten	erik.lillebraaten@bbnett.no
Barn og unges representant v. Anne Johanne Øien	anne-johanne.oien@vaga.kommune.no
Folkehelsekoordinator v. Mona Sveen	mona.sveen@vaga.kommune.no
Råd for eldre og funksjonshemma v. sekretær Iris Dalseg	iris.dalseg@vaga.kommune.no
Ungdomsrådet v. ungdomskonsulent Jørgen Vole	jorgen.vole@vaga.kommune.no
Sel Vågå Bondelag v. Anders Formo	post@formoseter.no
Vågå bonde- og småbrukarlag v. Geir M. Thorud	geirthorud@hotmail.com
Vågå skogeigarlag v. Erland Berge	syveb@online.no
Vågå Jeger og fiskeforeining v. Bjørn Andre Lusæter	ba-lusaeter@hotmail.com
Vågå Bygdekvinnelag v. Aslaug Valde	aslaug.valde@live.no
Vågå Ungdomslag v. Tor Stallvik	tor@stallvik.no
Vågå Historielag v. Knut Raastad	kraastad@bbnett.no
Nordheradsprosjektet v. Einar Hårstad	ei-haars@online.no
Vågå Idrettsråd v. Yngve Eek Ottesen	yngve@brimiland.no
Vågå Turlag v. Ola Grøslund	angroesl@online.no
Vågå Musikkråd v. Erik Lillebråten	erik.lillebraaten@bbnett.no
Vågå Røde Kors Hjelpekorps v. Tom Helge Hølmo	post@vagarkh.no
Langmorkje Almenning	post@langmorkje.no



Vågå kommune

Arkivsak: 2011/552 -273

Arkiv:

Saksbehandlar:

Laila Nersveen

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
60/17	Formannskapet	09.08.2017
55/17	Kommunestyret	09.08.2017

Kommuneplanens arealdel og samfunnsdel 2017–2017 – sluttbehandling

Vedlegg:

- Kommuneplanens samfunnsdel 2017–2027
- Plankart, heile kommunen (uforandra frå 3. gongs høyring)
- Oppsummering av innkomne merknader/innspel
- Behandling av merknader etter 3. gongs høyring av forslag til ny arealdel
- Forslag til føresegner
- Planomtale (uforandra frå 3. gongs høyring)
- KU av nye arealformål (uforandra frå 3. gongs høyring)
- Vedlegg som høyrer til saka, men som ikkje blir sendt ut finn de på kommunen si heimeside:

<http://www.vaga.kommune.no/tenester/plan-byggesak-brann-og-tekniske-tenester/plan/hoyring-og-kunngjeringar/kommuneplanens-arealdel-3-gongs-hoyring.6660.aspx>

Dette er diverse kartutsnitt og tematiske kart, samt diverse analyser og rapportar som er gjennomført undervegs i planprosessen.

Saksframlegg:

Forslag til kommuneplanens arealdel og samfunnsdel 2017–2027 blir lagt fram til sluttbehandling.

Kommuneplanens samfunnsdel 2017–2027

Forslag til kommuneplanens samfunnsdel har vore høyrd to gonger med høyringsfrist 5. februar 2014 og 26. januar 2016. Samfunnsdelen har ikkje blitt vedtatt fordi ein ønskjer å vedta samfunnsdelen og arealdelen samtidig. Sidan 1. gongs høyring vart det arbeid meir med visjon, overordna mål og framtidsbilete av Vågå. Hovudfokusområda vart også endra noko.

Satsingsområde er endra til:

- Stadutvikling (vidareføring frå forslag som har vore ute på høyring)
- Levekår (Folkehelse og Vaken og vågal blir slått saman)
- Næring (blir spissa til eit satsingsområde) Tidlegare skulle næring omtalast i dei fire

satsingsområda.

- Klima, samfunnstryggleik og beredskap (vidareføring frå forslag som har vore ute på høyring)

Sidan 2. gongs høyring av planforslaget i januar 2016 har statistikk og føringar som har kome fram gjennom arbeidet med arealdelen blitt innarbeidd i samfunnsdelen. Sjølv oppbygging av plan og val av satsingsområde er uforandra frå 2. gongs høyring i 2016 og til sluttbehandling i 2017.

Kommuneplanens arealdel 2017–2027

Forslag til kommuneplanens arealdel 2017–2027 vart behandla i kommunestyret 2. mai 2017, sak 32/17, og forslag til ny arealdel vart vedtatt lagt ut til 3. gongs offentleg ettersyn og høyring. Høyringsfrist vart sett til 29. juni 2017. Vågå kommune har teke imot totalt 15 høyringsfråsegn. Nokre av desse innspela er underteikna av fleire personar. Kommunestyret har fått sendt over ein kopi av alle innkomne innspel. Ei oppsummering av alle innkomne innspel er også lagt ved som vedlegg til saka.

Ifølgje uttale frå Fylkesmannen så har Vågå kommune gjennomført eit planarbeid med fagleg høg kvalitet når det gjeld planprosess og innhald. Dialogen med Fylkesmannen har vore konstruktiv. Dersom ny avgrensing av sentrumssone vert følgd opp i planføresegnene slik at kommunen sin intensjon om styring av varehandel vert innarbeidd, har Fylkesmannen ikkje lengre motsegn til planforslaget. For å sikre at motsegna frå Fylkesmannen er imøtekomne må dette sikrast juridisk ved å fastsette ei øvre arealgrense for handelsetablering i kommuneplanføresegnene for område B/FO/K01 og Vågå næringspark FO/N01E.

Oppland fylkeskommune har også motsegn til Område B/FO/K01 inntil kravet om maks avgrensing på 1500m² BRA på etablering av forretningsverksemd blir sett som juridisk bindande føresegn i kommuneplanen. Dei kjem også med ei klar tilråding om at ta ut området F09 Jetta, Andre regionale styresmakter har ikkje kome med motsegn til planforslaget, men dei har nokre mindre merknader til planforslaget og nokre føresegn. Høyringsuttaler frå grunneigarar og andre inneheld mellom anna tilleggsargumentasjon og motsegn til nye byggeområde.

Arbeidet med å revidere arealdelen har gått over ei lang tid og det har vore fleire silingsrundar av innkomne innspel før planen vart langt ut til 3. gongs høyring og offentleg ettersyn. Planskildringa gir ei god oversikt over prosessen og kva for område som har vore vurdert tidlegare. Ved 3. gongs høyring av planmaterialet har det totalt kome 15 høyringsfråsegn. Fire av desse er frå regionale styresmakter. Talet på innkomne høyringsuttaler har gått sterkt ned frå 2. gongs høyring til 3. gongs høyring. Det er flest merknader til føreslåtte arealbruk ved Brustugu og Smedsmo, som legg opp til etablering av forretning. Elles er det ein del merknader til fritidsbustader ved Jetta F09. Dette viser at det framleis er eit engasjement rundt saka sjølv om talet på høyringsfråsegn har gått ned ved 3. gongs høyring. I saksframlegget blir område som rådmannen kjem med forslag til innstilling kort kommentert, men dokumentet «*Behandling av merknader etter 3. gongs høyring av forslag til ny arealdel*» gir ei meir detaljert gjennomgang.

Vurdering:

Kommuneplanens samfunnsdel 2017–2027

Sjølv oppbygging av plan og val av satsingsområde er uforandra frå 2. gongs høyring i 2016 og til sluttbehandling i 2017. Det er berre gjort mindre endringar av tekst for å tilpasse

samfunnsdelen til arealdelen. Dette gjeld fyrst og fremst tekst til temaet stadutvikling. Dette er gjort for å tilpasse teksten til endringar som er gjort i kommuneplanens arealdel, som til dømes avgrensing av indre sentrumssone. Det er også vektlagt at det er ønskje om høgare arealutnytting. Det er difor presisert at det skal leggjast til rette for auka utnyttingsgrad i bustadareala til minimum 40 % BYA og auka utnyttingsgrad av næringsareal til minimum 50 % BYA i Vågåmo. Dette er gjort for å sikre at det er samheng mellom arealdelen og samfunnsdelen. Slik rådmannen vurderer det er det utarbeidd ein samfunnsdel som gjev føringar for arealdelen og arealdelen følgjer opp prioriteringar og strategiar som er sett i samfunnsdelen. Forslag til kommuneplanens samfunnsdel 2017–2027 er klar til sluttbehandling.

Kommuneplanens arealdel 2017–2027

TB/L01 Maurvangen

Det er ved 3. gongs høyring av planforslaget avsett ei område til kombinert bygnings- og anleggsføremål, kombinert lager og tenestebustad, knytt til eksisterande verksemd på Maurvangen. Arealet er ca. 12 daa.

Ein hytteeigar i nærleiken har kome med ei høyringsuttale til området. Dei viser mellom anna til dei argumenta som rådmannen brukte i sak 32/17 og dokumentet *Behandling av merknader etter 2. gongs høyring av forslag til ny arealdel*.

Området vart samrøystes lagt inn i kommunestyret 2. mai 2017. Det har berre kome ein merknad til området ved 3. gongs høyring og offentleg ettersyn. Arbeidet med å detaljregulere området har starta og det er varsla planoppstart. Rådmannen tek til etterretning at det er eit samstemt politisk ønskje om at området blir tatt med og tilrår difor at området blir vidareført ved sluttbehandling av planforslaget.

Brustugu

Regionale styresmakter ved Fylkesmannen og Oppland fylkeskommune har ved 3. gongs høyring av forslag til kommuneplanens arealdel fremja motsegn til området B/FO/K01 Brustugu på grunn av manglande presisering i føresegnene om at det ikkje kan etablerast meir enn 1500 m² detaljhandel innanfor B/FO/K01. Fylkesmannen presiserer at det no berre er ein formalitet som står at før kommunen kan godkjenne planen. Dersom avgrensing av sentrumssona blir følgd opp i planføresegnene og at kommunen sin intensjon om styring av varehandel blir innarbeidd i føresegnene, har Fylkesmannen ikkje lengre motsegn til planen.

Kommunen har teke imot 7 innspel frå private til området B/FO/K01 Brustugu. Desse går ut på at det ikkje er ønskjeleg med etablering av detaljhandel på Brustugu og at arealet bør først attende til landbruk. Etablering av detaljhandel vil svekke Vågåmo som sentrum. Det er den same argumentasjonen som vart nytta ved 2. gongs høyring av forslag til kommuneplanens arealdel og det er slik sett ikkje kome nokre nye moment som ikkje er kjend frå tidlegare. Alle høyringsinnspel er sendt over til kommunestyret, slik at dei har fått høve til å lese gjennom kvart innspel.

I dokumentet *Behandling av merknader etter 2. gongs høyring av forslag til ny arealdel og rådmannens innstilling til sak 32/17*, tilrådde rådmannen at området ved Brustug blir avsett til kombinert formål bustad/næring/kontor. Det vart presisert at det i føresegnene berre kan opnast for opplevingsbasert/kulturbasert næring. Det betyr at det ikkje kan etablerast varehandel innanfor området, verken detaljhandel eller plasskrevjande/transportkrevjande varehandel. Dette vil syte for at arealet framleis kan nyttast til det som var hovudintensjonen da kommunedelplanen

for Vågåmo vart vedtatt av MD i 2009. Ved å sette så strenge krav i føresegnene vil det vere avgrensa kva som kan etablerast. Verksemda må da vere knytt opp til noko som skaper oppleving og/eller er kulturbasert. Rådmannen meiner framleis at dette vil vere den beste løysinga for området etter å ha teke omsyn til innspel som har kome til planforslaget ved 3. gongs høyring. Rådmannen tek likevel innover seg at regionale styresmakter vil trekke motsegn til området når det blir presisert at det berre kan opnast for detaljhandel på 1500 m² BRA innanfor området B/FO/K01 i føresegnene. Dette er berre ein formalitet å få på plass. Rådmannen merker seg også at det er langt færre uttaler til planforslaget ved 3. gongs høyring enn ved 2. gongs høyring. Dette tyder på at kommunestyret sitt forslag til arealbruk for området, vedtatt i kommunestyremøtet 2. mai 2017 sak 32/17, er ei løysing som regionale styresmakter er nøgd med og fleirtalet av innbyggjarane i Vågå.

Rådmannen meiner at det må takst omsyn til det omfattande arbeidet som har vore lagt ned i behandlinga av planforslaget og at det er politisk vilje for at ein del av Brustugu skal settast av til kombinert bustad/forretning/kontor (B/FO/K01). Dette saman med ynskje om å få avslutta ein planprosess, som har gått over tre år med tre høyringar og offentleg ettersyn, samt at Fylkesmannen meiner at kommunen har gjennomført eit planarbeid prega av høg fagleg kvalitet, så meiner rådmannen at planforslaget er klart til sluttbehandling. Rådmannen vil difor tilrå at området Brustugu blir vidareført som ved 3. gongs høyring, slik at kommuneplanens arealdel kan sluttbehandlast. Det må presiserast i føresegnene at det berre kan opnast for detaljhandel på inntil 1500 m² BRA innanfor området B/FO/K01.

For å imøtekomme kravet frå Fylkesmannen blir det i føresegnene § 9.7.1 Indre sentrumssone og kjerneområde innarbeidd følgjande føresegn:

Ny handelsverksemd eller utviding av slike, som blir større enn 1500 m² BRA detaljhandel, kan berre lokaliserast innanfor indre sentrumssone, jf. pkt. 3a i regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland.

Dette vil sikre at det ikkje kan etablerast eit handelskonsept på over 1500 m² BRA innanfor området B/FO/K01. Ifølgje regional plan for attraktive byer og tettsteder, 5.4 Regional planbestemmelse er definisjonen følgjande:

«Med handelsvirksomhet menes all form for virksomhet som bedriver salg av varer til private sluttbrukere. Med kjøpesenter forstås detaljhandel i bygningsmessige enheter og bygningskomplekser som etableres, drives eller framstår som en enhet, samt utsalg som krever kunde- og medlemskort for adgang. Dagligvareforretninger er å oppfatte som kjøpesenter i denne sammenheng. Det samme er varehus som omsetter en eller fleire varegrupper. Som kjøpesenter regnes også handelsvirksomhet lokalisert i fleire enheter innenfor et område som for eksempel en handelspark.»

Slik rådmannen forstår definisjonen så er det høve til å etablere fleire handelsverksemder på totalt 1500m² BRA innanfor området avsett som B/FO/K01, så fram dei ikkje framstår som ei eining og det ikkje er noko handelssamarbeid. Slik rådmannen har forstått det politiske vedtaket i sak 32/17 så er det berre ønskjeleg med ei total samla utnytting for detaljhandel på 1500 m² BRA innanfor området. Dette bør difor presisert i føresegnene til området § 9.4.4 Nye område for kombinert formål (bustad/forretning/kontor med krav om regulering (pbl § 11–9 nr. 1): **For området samla kan det etablerast ny handelsverksemd som blir inntil 1500 m² BRA detaljhandel.**

Det bør også presiserast i føresegnene at det ikkje kan etablerast plass og transportkrevjande varehandel. Ved 3. gongs høyring vart det i føresegnene presisert at det ikkje kan etablerast

storvarehandel, men det står ikkje noko om plass- og/eller transportkrevjande varehandel. Slik rådmannen har forstått det politiske vedtaket i sak 32/17 så er det ikkje ønskjeleg med etablering av verken storvarehandel, plass- og/eller transportkrevjande varehandel. Dette blir difor innarbeidd i føresegnene § 9. 4.4.

FO/N01E Vågå næringspark

Vågå næringspark er vist som eksisterande kombinert forretning/næring i plankartet. Fylkesmannen viser i høyringsbrevet til at kommunen må vedta endring av planføresegnene som inneber fastsetjing av øvre arealgrense for handelsetablering i tråd med regional plan, dvs. maks 1500 m² BRA, jf. pkt. 3a. Fylkesmannen skriv vidare at området ligg utanfor sentrumssona, og kunne utan slik juridisk avklaring undergrave intensjonen med sona. Fylkesmannen stiller også spørsmål ved om forretning er eit heldig arealføremål for næringsparken, men vil godta det med øvre arealgrense som nemnd over.

Rådmannen støtter Fylkesmannen i at området i teorien truleg bør avsettast til industri/næring ettersom området ligg utanfor indre sentrumssone. I praksis har området har over tid endra karakter frå industri til meir forretning ettersom bedriftene som er i området også ofte har ein utsalsdel/butikkdel. Typiske industribedrifter som Vågå bruk (møbelfabrikk) har blitt nedlagt. Det har over lengre tid vore ein strategi at området skal få meir forretningspreg og området fekk difor endra namnet frå Vågå industriområdet til Vågå næringspark. Ved revisjon av kommuneplanens arealdel har det heile tida vore fokus på at gjeldande reguleringsplan for Vågå industriområde må reviderast. Dette er også vedteke i kommunal planstrategi for Vågå kommune, vedtatt i kommunestyret 25. oktober 2016.

Slik rådmannen ser det er det aldri vore ein intensjon at det skal etablerast eit stort handelskonsept for detaljhandel på over 1500 m² BRA på Vågå næringspark. Målet som også er nedfelt i kommuneplanens samfunnsdel 2017–2027 er at næringsparken skal utviklast som handels- og næringsområde. Konsept for rein detaljhandel skal i hovudsak lokalisrast innanfor indre sentrumssone. Bedrifter som er meir industriprega ønskjer ein å kanalisere til Lalm, der det er betre plass og meir tilrettelagd for ein slik type aktivitet.

Slik rådmannen ser det er marknaden i forandring og handelskonsept går i retning av bredt vareutval der konsept som tidlegare berre hadde plass- og /eller transportkrevjande varehandel også får ein detaljhandel. Handelsanalysen frå Vista analyse tek også opp denne problemstillinga. Slik rådmannen ser det er *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland* for kategoriske når dei delar opp handelen slik dei gjer. I praksis flyt definisjonane meir og meir over i kvarandre. Til dømes sel Plantasjen som kjem inn under plass- og /eller transportkrevjande varehandel også mykje varer som ein finn i ein daglegvarebutikk. Innanfor Vågå næringspark finn vi til dømes Norgesfôr og Bygger`n som også har ein stort vareutval som kjem innanfor detaljhandel. Bilbutikker og verkstader har også etter kvart fått ein utsalsdel/butikkdel som dei ønskjer å marknadsføre og da må området stå fram som eit handelsområdet og ikkje eit industriområdet. Det blir difor lite framtidretta å vise til ein gamal reguleringsplan frå 1983 som kommunen har sagt bør/må reviderast i gjeldande planstrategi.

For å imøtekomme kravet frå Fylkesmannen blir det i føresegnene § 9.7.1 Indre sentrumssone og kjerneområde innarbeidd følgjande føresegn:

Ny handelsverksemd eller utviding av slike, som blir større enn 1500 m² BRA detaljhandel, kan berre lokalisrast innanfor indre sentrumssone, jf. pkt. 3a i *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland*.

Dette vil sikre at det ikkje kan etablerast eit handelskonsept på over 1500 m²BRA innanfor området.

Areal ved kulturhuset (B/FO/K03 Smedsmo)

Det har ved 3. gongs høyring av forslag til kommuneplanens arealdel kome merknad frå 3 aktørar til området ved Smedsmo som er avsett til kombinert formål (B/FO/K03). Det blir mellom anna vist til at ei utbygging av området vil svekke Vågåmo som sentrum. Arealet ligg for langt frå sentrum. Sentrum må vere levande og kompakt og ei utbygging på Smedsmo vil svekke eksisterande sentrum. Det blir også vist til det kulturhistoriske frå Fortidsminneforeninga kor dei ber om at Smedsmo blir verna, slik at det unike gardsmiljøet i sentrum kan behaldast ut frå eit antikvarisk synspunkt.

For å sikre at kommunen framleis har eit reserveareal der det kan etablerast næringsaktivitet i form av forretning så vil rådmannen tilrå at arealet ved Smedsmo blir vidareført ved sluttbehandling av kommuneplanens arealdel. Dette arealet ligg som erverv i gjeldande kommunedelplan for Vågåmo og det har heile tida vore fokus på at dette er eit viktig reserveareal. Rådmannen meiner at dette arealet, som ligg innanfor indre sentrumssone, vil vere eit viktig areal for Vågåmo i framtida. Arealet ligg sentrumsnært og kan vere godt egna til forretning, bustad og kontor. Arealet ligg også innanfor området som er definert som indre sentrumssone. Rådmannen tilrå at området blir vidareført ved sluttbehandling.

F01 Slombhaugen, F05 og F/FT01 Fjellsida

Vågå beiteutval ber om at områda blir teke ut. Viser til at det er viktige beiteområde og at ei utbygging vil vere i konflikt med beiteinteressene. Meiner at ei utviding innanfor Lemonsjøen må skje som fortetting i eksisterande felt og at det er stor nok planreserve. Lemonsjøen er eit satsingsområde og rådmannen meiner at det bør opnast for ei utviding ved rullering av kommuneplanens arealdel, sjølv om det er ein relativt stor planreserve på Lemonsjøen. Rådmannen kan ikkje sjå at det har kome nye moment i saka som ikkje var kjend ved tidlegare høyringar og tilrå at områda blir vidareført uforandra.

F09 Jetta

Oppland fylkeskommune tilrå på det sterkast at området blir teke ut. Det blir vist til at kommunen må utarbeide ein heilskapleg hytteplan for kommunen, der ein mellom anna må sjå på kva for verknad sentrumsnære fritidsbustader kan få for Vågå og dei allereie etablerte hyttestedestinasjonane. Oppland fylkeskommune skriv følgjande:

Vi meiner at før kommunen legger ut områder til fritidsbebyggelse, bør kommunen skaffe seg mere kunnskap om korleis utbygging av sentrumsnære fritidsbebyggelse kan gå for seg for å få best effekt i sentrum og samtidig ikkje går på kostnad av viktige omsyn som friluftsliv og landskap. Kommunen bør også vurdere om ein slik type utbygging vil virke på den etablerte hytteområda i kommunen.

Fleire beitebrukarar i området har også kome med ei uttale til hyttefeltet. Dei ber om at feltet blir teke ut fordi føreslåtte område ligg i det beste og mest brukte beite i området. Potensialet for konflikt mellom beitebrukarar og hytteinteresser er stort. Det blir også vist til vanskelege forhold for vatn- og avlaup. Vågå beiteutval er også kritisk til ei utvikling av fritidsbustader i området. Uttaler som har kome i samband med 3. gongs høyring av forslag til kommuneplanens arealdel støtter opp under dei vurderingane som rådmannen la fram i konsekvensutgreinga. Dersom det skal opnast for fritidsbustader ved Jetta må dette vurderast i ein heilskapleg plan for bygging av

fritidsbustader i kommunen. Når det skal etablerast fritidsbustader i eit urørt området er det spesielt viktig at ein får vurdert heile området samla. Dersom det skal opnast for fritidsbustader på Jetta, så bør kommunen sjå heile området samla og finne eit areal som har minst mogleg konfliktnivå når det gjeld beiteområde, viltområde, landskapsverknad med vidare. Når dette er på plass vil ein ha eit betre kunnskapsgrunnlag til å velje ut eit område som skapar vekst og glede for heile kommunen. Rådmannen tek innover seg at det er eit politisk ønskje om å legge til rette for sentrumsnære fritidsbustader og dette meiner rådmannen kan vere ei god løysing for Vågå, men ikkje per dags dato. Kommunen må fyrst utarbeide ein heilskapleg hytteplan for kommunen, der ein mellom anna må sjå på kva for verknad sentrumsnære fritidsbustader kan få for Vågå og dei allereie etablerte hyttestedestinasjonane. Kunnskapsgrunnlaget er for dårleg per dags dato og rådmannen tilrår at området blir teke ut før sluttbehandling.

Mindre justering av føresegner

Statens vegvesen har kome med følgjande merknad og forslag til justering av føresegner: «*Vi viser til vår merknad til første gongs høyring av planen for område FT02 Sæta sæter/Randsverk camping avsett til fritids- og turistformål, der vi kravde ei endring og presisering av føresegnene for området. Vi legg til grunn at føresegnene § 9.9.2 vert retta opp i tråd med vårt forslag til ordlyd.*»

Ved 1. gongs høyring uttalte Statens vegvesen følgjande til området: *Reguleringsplanen skal sikre etablering av tilrettelagt kryssing av fv. 51, belyst og kanalisert på den mest eigna staden. Planen skal sikre tilkomst til området, etablering av busslomme og omfatte krysset fv. 51/fv. 257. Planarbeidet skal vurdere planfri kryssing for mjuke trafikantar.*

Rådmannen meiner at tilrådinga frå Statens vegvesen ikkje kan takast til følgje. Når det gjeld område FT02 Sæta seter så står det i føresegnene at det skal taksast omsyn til mjuke trafikantar. Forslaget til føresegner frå Statens vegvesen er for detaljert og må avklarast i reguleringsplanprosessen for området. Det vil kunne vere urimeleg å pålegge utbygger ei regulering som går langt utanfor området utbygger skal nytte fordi Statens vegvesen ser nytte av å få etablert busslomme og få eit regulert vegkryss.

Statens vegvesen har også følgjande merknad til føresegnene:

Føresegnene § 9.10 Råstoffutvinning må ha med seg at vidare bruk av avkøyrser frå rv. 15 for utkøyring av masser vil krevje godkjenning frå Statens vegvesen jf. vår uttale til område R12E ved andre gongs høyring av kommuneplanen. Dette er ikkje sikra i gjeldande reguleringsplan for området, vedteke i 2001.

Rådmannen meiner at dette ikkje skal avklarast på kommuneplannivå. Det er truleg mange område i Vågå som har ei avkøyring som ikkje er godkjend frå Statens vegvesen, men som er i dagleg eller sporadisk bruk. Dette må takast opp i kvar einskild sak og er ei detaljering som ikkje kan heimlast i kommuneplanens arealdel.

Oppland fylkeskommune har ein merknad til område R01 Hanslien.

«Innenfor område R01, slik det er avgrenset på plankartet og i kartet i KU, ligger deler et eldre vegfar, samt deler av kulturminnelokaliteten id 101558, jf. kartutsnittet nedenfor. Denne lokaliteten har uavklart vernestatus og omfatter to mulige gravrøysar. KU nevner at gravrøysa ligger utenfor området avsatt til masseuttak, men vi kan ikke se at dette stemmer. Dersom det er en feil i avgrensningen av området i kartene, forutsetter vi at dette korrigeres ved endelig

uttegning av plankartet. Dersom avgrensningen av R01 i plankartet ved 3. gangs høring er ønsket utstrekning av masseuttaket må det innarbeides i bestemmelsen til området at det ikke nødvendigvis er påregnelig å gjennomføre tiltak i nærheten av kulturminnet id 101558, ettersom det kan innebære konflikt med automatisk fredet gravminne. Vi legger videre til grunn at det godt bevarte vegfare kan ivaretas i en vegetasjonsskjerm omkring masseuttaket. Forholdet til kulturminner må endelig avklares i samband med reguleringsplan for området, jf. kulturminnelovens § 9.

For å vareta omsynet til kulturminnet tilrå rådmannen at det i føresegnene blir innarbeidd følgjande setning for området R01 Hanslien.

§ 9. 10.1 Nye område for råstoffutvinning

R01 Hanslien	Området skal regulerast. Det må takast omsyn til kulturminnet id 101558 ved utarbeiding av reguleringsplan og forholdet til kulturminnet må endeleg avklarast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området. Det må utarbeidast støyanalyse.
--------------	---

Oppsummering

Det er behov for få endringar før planen blir sluttbehandla. Dette er ikkje endringar som vil krevje ny høyring og rådmannen tilrår at forslag til kommuneplanens arealdel 2017–2027 blir sluttbehandla med nokre presiseringar i føresegnene som er presisert i vedtaket, samt at område for fritidsbustader ved Jetta F09 blir teke ut av planen.

Layout

Rådmannen ønskjer at kommuneplanens samfunnsdel og arealdel er eit dokument som appellerer til lesaren. Dokumenta skal etter kvart få bilde og ein layout som bidreg til dette. På grunn av ferieavvikling og stutt saksbehandlingstid frå 3. gongs høyringsfrist og dato for sluttbehandling i kommunestyret har det ikkje vore tida til å få dette på plass til sluttbehandling.

Rådmannens innstilling:

Vågå kommunestyret vedtar med heimel i plan- og bygningsloven §11-15 kommuneplanens samfunnsdel 2017–2027.

Vågå kommunestyret vedtar med heimel i plan- og bygningsloven §11-15 kommuneplanens arealdel 2017–2027 med følgjande endringar:

- Område F09 Jetta blir teke ut.
- Det blir innarbeid følgjande presiseringar i føresegnene:

§ 9. 4.4 Nye område for kombinert formål (bustad/forretning/kontor) (bustad/næring/kontor) med krav om regulering (pbl § 11–9 nr. 1)

B/F/K01 Brustugu	For området samla kan det etablerast ny handelsverksemd som blir inntil 1500 m ² BRA detaljhandel. Butikkane skal vere
------------------	---

	minimum 500 m ² BRA. Det er ikkje tillate å etablere storvarehandel og/eller plass og transportkrevjande varehandel.
--	---

§ 9. 7.1 Indre sentrumssone og kjerneområde

Ny handelsverksemd eller utviding av slike, som blir større enn 1500 m² BRA detaljhandel, kan berre lokaliserast innanfor indre sentrumssone, jf. pkt. 3a i *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland*.

Ettersom Vågåmo er definert som eit områdesenter i *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland* kan det etablerast ny handelsverksemd for detaljhandel på inntil 6000m² innanfor område som er definert som indre sentrumssone.

§ 9. 10.1 Nye område for råstoffutvinning

R01 Hanslien	Området skal regulerast. Det må takast omsyn til kulturminnet id 101558 ved utarbeiding av reguleringsplan og forholdet til kulturminnet må endeleg avklarast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området. Det må utarbeidast støyanalyse.
--------------	---

Planmaterialet blir oppdatert etter vedtak. Dette gjeld også presentasjon av endeleg planmaterialet med bilete og layout.

Saksprotokoll i Formannskapet - 09.08.2017

Behandling:

Avstemming:

Pkt. 1: Samfunnsdelen: Samrøystes som rådmannens innstilling

Pkt. 2: Arealdelen

Forslag frå Arbeiderpartiet v/Egil Barhaugen

- Område F09 Jetta blir teke inn – Samrøystes
- Det blir innarbeid følgjande presiseringar i føresegnene:

§ 9. 4.4 Nye område for kombinert formål (bustad/forretning/kontor) (bustad/næring/kontor) med krav om regulering (pbl § 11-9 nr. 1)

Forslag frå Senterpartiet v/Mette Vårdal: Opprettheld tidlegare forslag om regulering til landbruksformål på B/F/K01Brustugu.

Rådmannens innstilling vart vedteke med 4 mot 3 røyster

§ 9. 7.1 Indre sentrumssone og kjerneområde:

Samrøystes som rådmannens innstilling

§ 9. 10.1 Nye område for råstoffutvinning

Samrøystes som rådmannens innstilling

Tilleggsforslag:

Forslag frå Senterpartiet v/Mette Vårdal;

- Smedsmo B/F0/K03 blir attendeført til landbruksformål - Rådmannens innstilling vart vedteke med 4 mot 3 røyster
- Smedsmo blir lagt utanfor sentrumssona - Rådmannens innstilling vart vedteke med 4 mot 3 røyster

Forslag frå Arbeiderpartiet v/Egil Barhaugen:

Retningslinjer og føresegner

§ 9.4.4 B/F/K01 Brustugu Vågå Kommune skal regulere områda - Samrøystes
B/F/K02 og B/F/K03

Begge arealformåla skal ha lik ordlyd. Og ordlyden skal vera den som står i dokumentet for **B/F/K03** - Samrøystes

Pkt. 2 Kommuneplanens arealdel 2017 – 2027 i sin heilheit: Samrøystes

Formannskapetets framlegg:

Vågå kommunestyret vedtar med heimel i plan- og bygningsloven §11-15 kommuneplanens samfunnsdel 2017–2027.

Vågå kommunestyret vedtar med heimel i plan- og bygningsloven §11-15 kommuneplanens arealdel 2017–2027 med følgjande endringar:

- Område F09 Jetta blir teke inn.
- Det blir innarbeid følgjande presiseringar i føresegnene:

§ 9. 4.4 Nye område for kombinert formål (bustad/forretning/kontor) (bustad/næring/kontor) med krav om regulering (pbl § 11-9 nr. 1)

B/F/K01 Brustugu	For området samla kan det etablerast ny handelsverksemd som blir inntil 1500 m ² BRA detaljhandel. Butikkane skal vere minimum 500 m ² BRA. Det er ikkje tillate å etablere storvarehandel og/eller plass og transportkrevjande varehandel.
------------------	---

§ 9. 7.1 Indre sentrumssone og kjerneområde

Ny handelsverksemd eller utviding av slike, som blir større enn 1500 m² BRA detaljhandel, kan berre lokaliserast innanfor indre sentrumssone, jf. pkt. 3a i *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland*.

Ettersom Vågåmo er definert som eit områdesenter i *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland* kan det etablerast ny handelsverksemd for detaljhandel på inntil 6000m² innanfor område som er definert som indre sentrumssone.

§ 9. 10.1 Nye område for råstoffutvinning

R01 Hanslien	Området skal regulerast. Det må takast omsyn til kulturminnet id 101558 ved utarbeiding av reguleringsplan og forholdet til kulturminnet må endeleg avklarast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området. Det må utarbeidast støyanalyse.
--------------	---

Retningslinjer og føresegner

§ 9.4.4 B/F/K01 Brustugu: Vågå Kommune skal regulere områda.

B/F/K02 og B/F/K03

Begge arealformåla skal ha lik ordlyd. Og ordlyden skal vera den som står i dokumentet for B/F/K03.

Planmaterialet blir oppdatert etter vedtak. Dette gjeld også presentasjon av endeleg planmaterialet med bilete og layout.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 09.08.2017

Behandling:

Vågå kommunestyret vedtek med heimel i plan- og bygningsloven §11-15 kommuneplanens samfunnsdel 2017–2027. Samrøystes

Vågå kommunestyret vedtar med heimel i plan- og bygningsloven §11-15 kommuneplanens arealdel 2017–2027 med følgjande endringar:

- Område F09 Jetta blir teke inn. Harald Sve Bjørndal stilte spørsmål om sin habilitet under behandling av dette punktet. Kommunestyret erklærte Harald Sve Bjørndal som inhabil og han gjekk frå under behandlinga av dette punktet. Hans Petter Vaberg deltok under behandling av denne saka.
Forslag frå Sosialistisk Venstreparti v/Anne Sjetne: Område F09 Jetta blir teke ut.
Forslaget frå formannskapet vart vedteke med 16 mot 1 røyst.
- Det blir innarbeid følgjande presiseringar i føresegnene:

§ 9. 4.4 Nye område for kombinert formål (bustad/forretning/kontor) (bustad/næring/kontor) med krav om regulering (pbl § 11-9 nr. 1)

B/F/K01 Brustugu	For området samla kan det etablerast ny handelsverksemd som blir inntil 1500 m ² BRA detaljhandel. Butikkane skal vere minimum 500 m ² BRA. Det er ikkje tillate å etablere
------------------	---

	storvarehandel og/eller plass og transportkrevjande varehandel.
--	---

Forslag frå Senterpartiet v/Anders Bjørnsen: Opprettheld tidlegare forslag om regulering til landbruk på B/F/K01Brustugu: Framlegg frå formannskapet vart vedteke med 10 mot 7 røyster

§ 9. 7.1 Indre sentrumssone og kjerneområde:

Samrøystes som rådmannens innstilling

§ 9. 10.1 Nye område for råstoffutvinning

- Harald Sve Bjørndal stilte spørsmål om sin habilitet under behandling av dette punktet. Kommunestyret erklærte Harald Sve Bjørndal som inhabil og han gjekk frå under behandlinga av dette punktet. Hans Petter Vaberg deltok under behandling av denne saka.

Samrøystes som rådmannens innstilling

Retningslinjer og føresegner

§ 9 B/F/K01 Brustugu Vågå Kommune skal regulere områda - Samrøystes

B/F/K02 og B/F/K03

Begge arealformåla skal ha lik ordlyd. Og ordlyden skal vera den som står i dokumentet for **B/F/K03** - Samrøystes

Tilleggsforslag:

Forslag frå Senterpartiet v/Anders Bjørnsen;

- Smedsmo B/F0/K03 blir attendeført til landbruksformål – Formannskapetets framlegg vart vedteke med 10 mot 7 røyster
- Smedsmo blir lagt utanfor sentrumssona – Formannskapetets framlegg vart vedteke med 10 mot 7 røyster

Forslag frå Bygdalista v/Steinar Aasgaard:

- TB/L01 Maurvangen: Fjerne siste setninga (Bygningane må knyte seg på privat vatn- og avlaupsnett hjå Besseggen Fjellpark Maurvangen), som omhandlar vatn- og avløp. Området kan byggjast ut til tenestebustad og garasje/lager. Det må utarbeidast ny reguleringsplan for området. Løysingar for vatn og avlaup skal etablerast i tråd med gjeldande krav og retningsliner. Forslag frå Bygdalista v/Steinar Aasgaard vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 kommuneplanens arealdel 2017–2027 i sin heilheit: Samrøystes

Vedtak:

Vågå kommunestyret vedtar med heimel i plan- og bygningsloven §11-15 kommuneplanens samfunnsdel 2017–2027.

Vågå kommunestyret vedtar med heimel i plan- og bygningsloven §11-15 kommuneplanens arealdel 2017–2027 med følgjande endringar:

- Område F09 Jetta blir teke inn.
- Det blir innarbeid følgjande presiseringar i føresegnene:

§ 9. 4.4 Nye område for kombinert formål (bustad/forretning/kontor) (bustad/næring/kontor) med krav om regulering (pbl § 11-9 nr. 1)

B/F/K01 Brustugu	For området samla kan det etablerast ny handelsverksemd som blir inntil 1500 m ² BRA detaljhandel. Butikkane skal vere minimum 500 m ² BRA. Det er ikkje tillate å etablere storvarehandel og/eller plass og transportkrevjande varehandel.
------------------	---

§ 9. 7.1 Indre sentrumssone og kjerneområde

Ny handelsverksemd eller utviding av slike, som blir større enn 1500 m² BRA detaljhandel, kan berre lokaliserast innanfor indre sentrumssone, jf. pkt. 3a i *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland*.

Ettersom Vågåmo er definert som eit områdesenter i *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland* kan det etablerast ny handelsverksemd for detaljhandel på inntil 6000m² innanfor område som er definert som indre sentrumssone.

§ 9. 10.1 Nye område for råstoffutvinning

R01 Hanslien	Området skal regulerast. Det må takast omsyn til kulturminnet id 101558 ved utarbeiding av reguleringsplan og forholdet til kulturminnet må endeleg avklarast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området. Det må utarbeidast støyanalyse.
--------------	---

Retningslinjer og føresegner

§ 9 B/F/K01 Brustugu: Vågå Kommune skal regulere områda.

B/F/K02 og B/F/K03

Begge arealformåla skal ha lik ordlyd. Og ordlyden skal væra den som står i dokumentet for **B/F/K03**.

TB/L01 Maurvangen: Fjerne siste setninga, som omhandlar vatn- og avløp (Bygningane må knyte seg på privat vatn- og avlaupsnett hjå Besseggen Fjellpark Maurvangen).

Området kan byggjast ut til tenestebustad og garasje/lager. Det må utarbeidast ny reguleringsplan for området. Løysingar for vatn og avlaup skal etablerast i tråd med gjeldande krav og retningslinjer.

Planmaterialet blir oppdatert etter vedtak. Dette gjeld også presentasjon av endeleg planmaterialet med bilete og layout.